



KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato: 28. januar 2015

Stad: Meland kommunehus – møterom 1

Kl.: 13.30 – 14.40

Tilstades: Marie Morken (leiar), Øystein Blom (nestleiar), Asbjørn Larsen (frå og med sak 3/14) og Helge Nygård – vara for Jarle Vikebø

Innkalla: Ordførar var også til stades i møte

Revisjon: Revisjonssjef Reidar Bjørsvik og forvaltningsrevisor Randi Rykkje

Sekretær: Sekretariatsleiar Bent Gunnar Næss

Forfall: Jarle Vikebø og Beate Eknes hadde meldt forfall – vara hadde fått innkalling

01/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

02/15 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå møte 01.12.14 vart godkjent.

03/15 Skriv og meldingar

- Kommunestyrevedtak – sak 95/2014 – selskapskontroll i MAKS Meland
Arbeids- og kompetansesenter AS

Samrøystes vedtak:

Skriv og meldingar vart tekne til orientering.

04/15 Selskapskontroll - forslag til prosjektplan frå revisjonen

Sakstilfang: Forslag til prosjektplan frå revisjonen

Forslaget til prosjektplan vart gått gjennom i møte. Der var gjort nokre justeringar i prosjektplan. Problemstillingar som det vil bli sett på er:

- I kva grad har Meland kommune etablert eit system for å ivareta sine eigarinteresser i MAKS AS?
- Korleis er økonomien i MAKS AS sett frå eit eigarperspektiv?
- Vert kommunen sine eigarinteresser utøvd i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnadurar, og i tråd med krav i lovverket?

Revisjonen gjorde også greie for korleis prosjektet vil bli gjennomført med intervju, dokumentanalyse og rekneskapsanalyse. Det vil bli tatt utgangspunkt i NKRF sin rettleiar for selskapskontroll. Det var også gjort greie for vurderingskriteriene som vil bli nytta.

Prosjektet vil bli satt i gong hausten 2015. Reknar med at rapporten vil bli lagt fram for kontrollutvalet på slutten av året 2015/tidleg 2016.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtok den framlagte prosjektplassasjonen slik den låg føre med dei endringane som vart presentert i møte.

05/15 Årsmelding 2014 kontrollutvalet

Sakstilfang: Utkast til årsmelding

Utkast til årsmelding vart gjennomgått i møte.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjente årsmeldinga slik den låg føre.

06/15 Møteplan for kontrollutvalet - 2015

Sakstilfang: Utkast møteplan kontrollutvalet – 2015

Kontrollutvalet diskuterte planen og kva saker som er aktuelle i året 2015.

Det vart satt opp følgjande møtedatoar:

- 10. april
- 14. oktober

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtok møteplan for 2015.

07/15 Meland kommune sitt vedtak om rammeløyve for utylling av sundet ved

Frank Mohn Flatøy

Saksvedlegg: Brev frå kommunen 01.12.14 - 14/3594 – 14/18800 – «Godkjenning – søknad om rammeløyve for utfylling i sjø mellom gbnr. 1/57 og 1/284 i Meland kommune

Leiar i kontrollutvalet hadde fått ei oppmoding om at kontrollutvalet måtte sjå på saksutgreiinga i sak om rammeløyve for utfylling i sjø.

Der er også sendt klage på vedtaket frå naboar som er partar i saka og Naturvernforbundet i Nordhordland.

Klagene vil bli handsama av Utval for drift og utvikling. Klagene vil sannsynleg bli handsama i møte 03.03.15.

Kontrollutvalet diskuterte om dette var ei sak som ein ønskja å sjå nærmare på. På grunn av dei innkomne klagene er denne saka ikkje avslutta. Kontrollutvalet såg det difor ikkje som naturleg å gå inn i denne saka no.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek eventuelt denne saka opp til handsaming når saka er endeleg handsama.

08/15 Gjennomgang av møtebøker frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknad.


09/15 Eventuelt

Ingen saker under eventuelt.

Neste møte i kontrollutvalet er 10.04.15 kl 08.30.

Frekhaug, 28.01. 2015


Marie Morken/leiar


Bent Gunnar Næss/sekretær